



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Arbeidsmiljøutval	06.02.2017

Sakshandsamar:	Personalsjef	Kjetil Morken
Arkivnr.:	17/71	Dokumentnr.: 17/470

Endre og opprette verneområder 2017

Saksopplysningar:

Hausten 2015 vart det gjennomført val av verneombod for verneområda i Radøy kommune.

Per no har Radøy kommune 16 verneområder.

Ut frå tilsyn får arbeidstilsynet har me fått pålegg om at verneombod skal tas betre med på råd i planlegging og gjennomføring innspeil på at brannvern må være eige verneombod.

For å møte pålegget meiner arbeidsgjevar at dette best kan løysast ved at brannvern og feiar vert eit eige verneområde. Verneområdet må opprettast og verneombod må veljast ev peikast ut med bakgrunn i retningslinene om val av verneombod. Fagforbundet har truleg fleirtal i eit ev nytt verneområde og vil ha rett til å peike ut verneombod for området.

Arbeidsgjevar vurderer også om det kan være aktuelt å setje reinhaldstenesta som eige verneområde. Dette for å ha verneombod som har fokus på måten reinhaldstenesta er organisert og ha fokus på tiltak som er viktig for arbeidsmiljøet for arbeidstakarane i reinhaldstenesta og måten dette arbeidet er organisert.

Til møte i AMU legg rådmannen fram følgjande forslag til endring av verneområde:

Verneområde

- 1 Rådhuset, Gamle prestegarden, NAV Sosial
- 2 Utearbeidarar ved teknisk , Radøyhallen
- 3 Radøy brannvern og feiartenesta
- 4 Reinhaldstenesta
- 5 Helsehuset (legekantoret, Fysioterapi, helsestasjon)
- 6 RIB
- 7 Barnevern, PPT, Psykisk helse
- 8 Velferdssenteret
- 9 Heimetenesta
- 10 OMSUT (OMSUT bustader og Radøy arbeidssenter / avlastingsbustader)
- 11 Bø barnehage
- 12 Prestmarka barnehage

- 13 Sæbø barnehage
- 14 Austebygd skule og barnehage
- 15 Hordabø skule
- 16 Manger skule
- 17 Sæbø skule
- 18 Radøy ungdomskule

Fagforbundet har fleirtal av medlem arbeidstakarar i begge vernområda. Fagforbundet får tilbod om å peike ut verneombod i tråd med føresegnen til arbeidsmiljølova om verneombod og val av verneombod.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tal verneområder vert endra til 18 verenområder i tråd med rådmannen sitt forslag.

Vedlagte saksdokument:

Tilsyn - Radøy kommune sentraladministrasjonen 73119 13.01.2017